

Protokoll frå årslaugs møte for år 2022 i Solund Sendebrettlaug

Møtestad: Storehaugen 33 / Teams

Møtetid: Onsdag 1. mars 2023 kl. 20:00

1. Godkjenning av dei som har stemmerett

- Det var 7 medlemmer som var tilstades. Herunder møtte 4 medlemmer på Zoom. Alle var røysteføre.

Vedtak: *Dei fram møtte vart samrøystes godkjende som stemmeføre*

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: *Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende*

3. Val av møteleiar, referent og 1 laugsmedlem til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Vedtak: *Desse vart samrøystes valde:*

- Kjell Mongstad - referent
- Håvard Harnes Mongstad - møteleiar
- Fanni Balatoni - vald til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

4. Godkjenning av lauket si årsmelding.

- Sjå endeleg årsmelding vedlagt

Vedtak: *Årsmeldinga vart samrøystes vedteken*

5. Godkjenning av lauket sin årsrekneskap.

- Sjå endeleg revidert årsrekneskap vedlagt

Vedtak: *Årsrekneskapa vart samrøystes vedteken*

6. Fastsetjing av medlemskontingent for år 2023.

- Framlegg frå laugsrådet:

- Kr. 200 pr. medlem
- Kr. 400 for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med siste år VGS)
- Rabatt Kr. 100 for dei som er medlemmer i Solund Idrettslag

Nye medlemmer får 1 laugdisk inkludert i medlemsskapet.

Det følgjer ikkje medlemsdisk ved fornying av medlemsskap

Vedtak: *Framlegget frå laugsrådet til kontingent for år 2023 vart samrøystes vedteken*

7. Val av laugsrådsmedlemmer og varalaugsmedlem.

- Valnemnda (laugsrådet) hadde dette framlegget:

Håvard Harnes Mongstad	på val – tek attval
Fanni Balatoni	på val – tek attval
Kim Arnes	på val – tek attval
Kristian Heimdal Leirvåg	på val – tek attval
Kjell Mongstad	på val – tek attval
Endre Natvik	ikkje på val
Ola-Andreas Hande	ikkje på val
Lars Myhrer	ikkje på val
Lillian Herland	ikkje på val – ynskjer fråtre

Samrøystes vedtak:

1. Fanni Balatoni (vald for 2 år)
 2. Håvard Harnes Mongstad (vald for 2 år)
 3. Kim Arnes (vald for 2 år)
 4. Kristian Heimdal Leirvåg (vald for 2 år)
 5. Kjell Mongstad (vald for 1 år)
- Ikkje på val:
6. Endre Natvik (1 år)
 7. Ola-Andreas Hande (1 år)
 8. Lars Myhrer (1 år)

Håvard Harnes Mongstad vart samrøystes vald som laugsrådsleiar for 1 år

Andrii Smilianets vert førespurt om å vera vararepresentant til laugsrådet

- a. Revisorrolla følgjer den som vert vald til revisor for Solund IL
- b. Valnemnd: Laugsrådet organiserer sjølv valnemndsarbeidet
- c. Laugsrådet fordeler roller, ansvar og oppgåver seg imellom, som t.d. Baneansvarleg, Teknisk delegert, Aktivitetsansvarleg, etc.

8. Budsjett 2022

Vedtak: *Laugsrådet får fullmakt til å utarbeide eit budsjett i balanse, basert på rekneskapen for år 2022, og innspela til handlingsplanen*

9. Saker som medlemmer ynskte å ta opp på årslaugsmøtet, måtte vera innmeldt innan 31. mars

Det var ikkje meldt inn andre saker til laugsrådet innan meldingsfristen.

Årslaugsmøtet kom likevel med innspel til laugets sin handlingsplan som lyder slik:

- o Kjøpe inn diskar - **gjennomført**.
- o Lage «Lost disk»-kasse. Som ein del av å lage «lost disk»-kassen er det ynskje om å få laga eit rom for ei bok der folk kan notere rundar som er gjennomført. Dette for å kunna hente ut ein statistikk for kor mange som nyttar banene. Bence sitt forslag om gjennomsiktig vegg vart applaudert- lage plass til laminerte QR-kodar til info- og registreringsføremål. Enkel låsemekanisme. – **Gjennomsiktig «Lost disk»- kasse gjennomført**
- o Re-etablere dagens 9- og 18-korgsbane - **Gjennomført**
- o Fortsetje arbeidet med Solund som diskgolfdestinasjon / utvide bana med 4 korgar – **under slutføring**
- o Arrangere Laugsmeisterskap på våren og Solund Open på hausten, anten som Vestkysttour eller om denne ikkje vert gjennomført, som ein frittstående konkurranse ? Avklare om det er mogleg å arrangere Vestkysttoure i Solund dette året – **Avklart**
- o Halde fast på uavhengig Solundmeisterskap med nedsenka skuldre. Diskgolf i Solund er høgdepunktet for mange ! Håvard kontaktar Solund kommune for å informere om Solundmeisterskapen 6-8. mai, for å unngå anleggsarbeid
- Kim avklarar bruken av kiosk og toalett...brannvakt - **Gjennomført**
- o Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar - **Gjennomført**
- o Planlegge Pargolf-NM ? - **utsett**
- o Levere diskgolfkurs som del av eit reiselivsprodukt - **Gjennomført**
- o Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen / landet – **Delvis gjennomført**
- o Innarbeide lørdags- eller søndagsgolven som fast treffpunkt. Legge inn eit ekstra folkeleg element i søndagsgolven som skaper breiare engasjement rundt diskgolffaktiviteten. «Kast til London» - konsept. Kople konseptet mot Ukraina. Registrere tal rundar og tal kastarar, gjerne ved bruk av QR-kode. Endre, Bence og Håvard avklarar – **Ikke gjennomført**
- o Innandørs vinterputting (inkl. opplæring) ? – **ikke gjennomført**
- o Invitere til opplæring i diskgolf og gjennomføre nybegynnarrundar - **Gjennomført**
- o Fokus på rekruttering, samarbeid og å ha det gøy
- o Lage video banepresentasjon. Laugets treng ein marknadsperson- /ansvarleg. – **Ikke gjennomført**
- o Diskvasker – discwasher – dishwasher – **Ikke gjennomført**
- o Diskutsalg – finne løysingar som er lett tilgjengelege, enkle å handtere og som gir godt salg. Idrettshus/klubbhus? - **Uavklart**
- o Kjøpe inn og selge Solund-bekledning – **Ikke gjennomført**

Innspel til aktivitetar frå årslaugsmøtet:

- Lage promovideo før- og under Solundmeisterskapen – bruke Visit Fjordkysten
- SSBL medlem i Visit Fjordkysten? Lillian sjekkar opp.
- Prioritere synleggjering av Sendebrettlaugets (unikt og kult laug i nasjonal samanheng)
- Marknadsføre saman med andre tilbod som ein destinasjon
- Prioritere bekledning / sponsing for dei som representerer laugets, særskilt juniorar – T-skjorter, kvalitetsprodukt, m.m.
- Lage Solundmeisterskapen til noko meir enn diskgolf...ein «diskgolffestival» - quiz- og pizzakveld, jazzkveld, etc. Avgjort til 12.-14. mai. Allereie mange interesserte. Folk booker overnatting.
- Eigen laugsmeisterskap – kanskje ikkje på Solunddagen
- Planlegge Solundmeisterskapen for år 2024 allereie i år 2023.

Møtet slutt!
Kjell Mongstad
Referent

Hardbakke 1. mars 2023

Fanni Balatoni

Vald til å skrive under protokollen
Fanni Balatoni

Håvard H. Mongstad

Møteleiar
Håvard Harnes Mongstad